



Fyrst ut var Sjur og Laila Langesæter med Rosendal Event

Reiseliv med naturen som utgangspunkt kan vel seiest å vera tema for næringsseminaret dette året. Eit ganske fullsett Aktivitetshus fekk døme på konsept av svært ulike slag, både lokale (Rosendal Event), vidtfemnande (Color Line), og sterkt krevjande, varierte og personavhengige (Lars Monsen).

Seminarret vart drege i gang av ein uvant oppdressa Nils Trygve Markhus som framførde Arne Torget sin kjende Kvinnherssong med tone etter Vestlandsfanden sin song til Sauda. Eg lyt vedgå at dette er fyrste gongen eg har høyrte skikkeleg etter, og teksten er god, den. Mest kvart bygdelag i kommunen får sine karakteristikk, servert treffande, humoristisk og godlynt. -Ei høveleg opning på eit seminar som jo er meint for folk som skapar, eller skal skapa noko i Kvinnherad, og der lokalt særpreg kan vera ein viktig ingrediens for nokre.

Deretter fekk me ein liten seanse der dagens konferansierar - ordførar Peder Sjø Slettebø og Nils Trygve Markhus) presenterte seg sjølve (eller heller kvarandre) på humoristisk og uhøgtidsamt vis, og sette stemninga for resten av dagen. Denne stemninga heldt dei godt ved lag gjennom heile seminarret. Det er befriande når rammene ikkje vert for strenge, og når humor skal nyttast, er det viktig at det ikkje vert platt. Her fekk me eig god og dyktig gjennomføring.

Frå SAS til friluft

Rosendal Event vart starta for godt eit år sidan, og ekteparet Langesæter opna med ein fin videopresentasjon av noko av det dei tilbyr i ein vakker Kvinnheradsnatur. Sjur og Laila Langesæter har baa lang tenestetid i SAS. Gode stillingar hadde dei, men travle arbeidsdagar (-døger), og lite tid saman. Baa har utdanning som personleg trenar frå idrettshøgskulen, og er meir enn gjennomsnittleg interesserte i friluftsliv. Då SAS for to år sidan kom med eit tilbod om sluttpakke for pilotar med lang teneste, gjekk Sjur (og dermed også Laila) ein runde i tenkeboksen. Kva med å få gjort meir saman av det dei til no berre hadde kunna gjera i sparsamt tilmålt fritid, og det i ein natur dei har delt sidan dei treftest, og som han har kjent heile livet? Det vart til at dei valde å satsa på eit konsept som kunne byggja på desse delte interessene, og enda altså opp med Rosendal Event. Dette høyrst enkelt ut, men me fekk eit lite innsyn i det mylderet av detaljar som må plasserast inn i eit slikt tilbod. Sjølve tilbodet må tenkjast ut, og vera slik at det kan utviklast vidare etter som ein finn meir ut av kva folk vil ha.

Ein må velja, og kjenna til aktuelle målgrupper. Kvar er det lurt å presentera tilbodet, og korleis? Kva med samarbeid med andre aktørar? Er det mogleg å få stød (økonomisk eller annan) frå offentlege eller andre instansar? Berre det med korleis sjølve bygda fungerer med kommunikasjonar og opningstider syner at det og ligg eit stort tilpassingspotensiale her. Dei ga oss døme på døme over uventa detaljar som heile tida synte seg etter som dei jobba med utviklinga, og sjølv etter starten har ikkje dette teke slutt.

Etter eit års drift har dei fått mange og ulike oppdrag, frå utdrickingslag til teambildingsturar og meir spesielle ynskje frå ulike grupper. Det tek tid å verta kjend, og Rosendal Event har ikkje overbookingsproblem enno. Grundig oppbyggingsarbeid og utvikling lovar likevel godt for ein aktør som har valt å satsa på Kvinnherad sine kvalitetar spesielt, og det ser ut til at dei kan stå på egne bein utan å verta slukte av større aktørar som med større "paraply", gjerne satsar på store og frå før kjende reisemål, og set andre destinasjonar i ein parentes utan å satsa på vidareutvikling av desse.

Color Line

Jan Helge Pile har i ei årrekke jobba i Color Line. Han er utdanna på skipsteknikk og har skippereksamen. Han styrer for tida teknisk side, der han mellom anna jobbar med kontrahering av nye båtar og kva spesifikasjonar desse skal ha. Han har og ansvaret for det tekniske med eksisterande flåte, og korleis ein skal få denne meir up to date, både for passasjerar, menneskap, og med å gjera flåten meir moderne i høve til nye miljøkrav. Presentasjonen han ga, var likevel slik at reiarlaget ikkje treng trega på at dei ikkje sette ein av PR-folka på jobben.

Me fekk eit innsyn i korleis reiarlaget jobbar for å vera på høgda i høve til nye miljøkrav som stadig melder seg. Dei har fått prisar for nett slikt, og det til tider alt før igangsette prosjekt har vore fullførte. Han var inne på store hybridskip (eitt er alt kontrahert) som skal kunna gå inntil ein time med ein fart av 12 knop. Mykje arbeid har vore gjort med reinsing av eksos frå eksisterande flåte, og han ga ei innføring i arbeid som vert gjort i høve til samkøyring med andre aktørar på land for at transport skal verta miljøeffektiv også ved samkøyring - mellom anna ved å nytta containerar i staden for å køyra trailerar på ferjer. Ein ting me passasjerar ofte ikkje er klare over: Innan passasjertrafikken er det ikkje båtbillettane reiarlaga tener pengar på, men butikkane dei har om bord. Samarbeid med landverts reiseoperatørar i Noreg er eit felt reiarlaget og har byrja å jobba med Etter dette innslaget var det ein halvtimes pause. Konferansier Slettebø annonserte den slik: "Og i pausen vert det i fylgje Bjarte Døssland servert inn i H... kortreist mat - ver så god!"



Tekst og foto: Svein Rimestad
Nett: Thor Inge Døssland